

RAPPORT

Høyjord stavkyrkje

- Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne sammenhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap.



Innhold

Stavkyrkjeprogrammet	3
Bygningsbeskriving	4
Bygningshistorie	4
Ombygging- og restaureringshistorie	5
Tilstand før stavkyrkjeprogrammet	6
Vedtaksprosess og tiltak	6
Tak	6
Vindfløy	8
Kyrkjekunst	8
Andre tiltak	8
Samandrag	8
Litteratur og kjelder	9
Fotnotar	9

Høyjord stavkyrkje

Dokumentasjon av
stavkyrkjeprogrammet

© Riksantikvaren 2016
www.ra.no

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med
Åndsverklova eller avtalar om kopiering med
KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til
åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale
kan medføre erstatningskrav og inndraging
og kan straffast med bøter eller fengsel

Design: Riksantikvaren

Omslagsbilete:
Dagfinn Rasmussen. Riksantikvaren

Stavkyrkjeprogrammet 2001-2015

Gjennom stavkyrkjeprogrammet har dei 28 stavkyrkjene i Noreg vorte sett i stand. Kyrkjene vart i all hovudsak istandsett slik dei er i dag, utan noko tilbakeføring til tidlegare periodar. I arbeidet med stavkyrkjene har ein vore avhengig av å byggje vidare på den kunnskapen som er opparbeidd innanfor tradisjonelt bygghandverk og bruk av ulike tradisjonelle material og metodar. Samstundes har stavkyrkjeprogrammet gjeve gode moglegheiter for detaljstudiar av bygningane. Det å kunne lese og forstå spor etter verkty har vore eit viktig element i arbeidet med istandsetjinga av stavkyrkjene. Målet har heile tida vore å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege delane. Der dette ikkje har vore mogleg har handverkarar gjort eit framifrå arbeid med å kopiere bygningsdelar der det har vore naudsynt å byte delar av bygget eller spunse ein skade. Samstundes har materialkvalitet, samt kunnskap om bruk av rett virke, vore eit viktig

gjennomgangstema i arbeida med kyrkjene. Arbeidet med å hente ut rett virke til rett bruk har kravd god langsiktig planlegging for å til dømes ha godt malma og rettvokse virke til produksjon av spon. Vidare har det vore viktig å ha gode materiallager, då mange skjulte skadar fyrst vart avdekka når istandsetjinga var godt i gang og arbeidet med å demontere skadde bygningsdelar vart gjennomført.

KYRKJEKUNST

Som ein viktig del stavkyrkjeprogrammet var eit av måla å konservere kyrkjekunsten i kyrkjene. Det var difor naudsynt å gjennomføre ei omfattande tilstandsregistrering av både kunst og inventar i stavkyrkjene. Det vart utført tilstandsregistrering av 852 gjenstandar og dekorerte flater i 27 kyrkjer. Gjennom ei oversikt over kva som er i stavkyrkjene og i kva tilstand det var, kunne ein gjere ei prioritering av dei tiltaka som var viktige å få utført. Bevaringstiltak utløyst av

tilstandsregistreringa vart i størst mogleg grad koordinert med istandsetjinga av sjølve kyrkjebygga. I visse høve var det naudsynt å dekke til, eller flytte ut gjenstandar før arbeidet med bygget starta, medan det i andre høve var meir hensiktsmessig å starte konserveringa av gjenstandane då kyrkjebygga var ferdig sette i stand.

LOKAL MEDVIRING

Ved mange høve engasjerte kyrkjeiegaren ein lokal prosjektleiar. Det vart også i størst mogleg grad nytta lokale handverkarar. Lokal deltaking var med på å auke kunnskapen om kyrkjene og samstundes skape ein spanande møteplass for den lokale befolkninga og tilreisande.

BRANNSIKRING

Alle stavkyrkjene har brannsikringsanlegg. I samband med istandsetjingsarbeida vart det og gjennomført arbeid med vidare oppgradering av desse anlegga.



Stavkyrkjeprogrammet: Kyrkja slik ho stod under arbeidet med taket. Foto: Mikaela Berg, Riksantikvarens arkiv.

Høyjord stavkyrkje

BYGNINGSBESKRIVING

Høyjord stavkyrkje står i Andebu kommune og har fått sitt namn etter garden den vart bygd ved. Det er den einaste stavkyrkja i Vestfold og den som ligg lengst syd i Norge som har overlevd frå mellomalderen. Koret er trulig reist i siste halvdel av 1100-tallet, medan sjølv skipet er frå omlag 1275. Dette kan indikere at delar av kyrkja har vore teke ned og bygd opp att. Kyrkja hadde svalgangar

fram til 1689, men sidan har desse forsvunne. Siste gong kyrkja vart restaurert var i perioden 1948–1953. Det var under denne restaureringa at ein oppdaga at kyrkja opphavleg kan ha vore ei såkalla midtmastkyrkje. Midtstav og takryttar vart på uklårt grunnlag rekonstruert i 1952. I tillegg til den sentrale midtmasta har kyrkja 12 berande stavar. Kvar av dei har ein eigen unik dekor. Kyrkja består av ei overbygd inngangsparti, våpenhus, skip, kor, og sakristi med pyramidetak. Kyrkja er panelt på utsida og taket er tekka med sagd spon. Kyrkja står på støypte murar med steinar på utsida. Det er skipet og koret som har delar frå den opphavlege gamle stavkyrkja.

BYGNINGSHISTORIE

Kyrkjestaden er gamal. "Haughægiordis sokn aa Væstfold" er fyrste gang nemnd i eit diplom frå 1374. Den eksisterande kyrkja kan ha blitt reist noko før 1350. Tidligare har det derimot ligge ei anna stavkyrkje på same stad. I koret inngår det ein attbrukt svill som er plassert med den opphavlege utsida inn. I samband med undersøkinga av kyrkja i 2007 vart det teke dendrokronologiske prøver frå golvborda i koret, der den yste årringen er frå 1160.




Høvling: Produksjon av spon i verkstaden i Holmestrand. Foto: Mikaela Berg, Riksantikvarens arkiv.

Tilsynelatande ligg den yste årringen nær barkkanten. Bygningen kan dermed ha vorte oppført relativt kort tid etter. Frå den eksisterande kyrkja stammar ein vindfløy frå ca. 1250 som også kan kome frå den opphavlege stavkyrkja. Den eksisterande kyrkja var opphavleg ei langkyrkje med svalgang. På taket av skipet var det dessutan ein takryttar. Etter reformasjonen var kyrkja i dårleg stand. I ei beskriving frå 1689 omtalast "Haajords meget forfaldne Trækirkes store Brøstfældigheder". Seinare gjekk kyrkja gjennom fleire ombyggingar. Slik kyrkja no står, er den sterkt prega av ei omfattande restaurering og ombygging på 1950-talet under leiing av arkitekt Otto Scheen, då dei opphavlege delane vart avdekka innvendig og kyrkja

fekk ny utvendig kledning. Også sponen på taket og sakristiet og takryttaren i stavkyrkjeliknande stil er frå same tid.¹

Tjæring: Spon vart tjæra før dei vart montert. Foto: Mikaela Berg, Riksantikvarens arkiv.



OMBYGGING- OG RESTAURERINGS Historie

Ein viktig del av arbeida i 2007 var ei oppmåling av kyrkja i målestokk 1:20 av dei anteke opphavlege delane av bygget. Dokumentasjonsmaterialet omfattar plan, snitt/innvendig oppriss av vest-, nord-, øst- og sørvegg av skipet, og snitt innvendig oppriss av nord-, øst- og sørvegg av koret. Berre delar av inventaret er teke med. Oppmålingane vart utført som manuell aksemåling, der aksane vart sett ut ved hjelp av teodolitt. I tillegg vart det føreteke oppmålingar i målestokk 1:10-1:1 av sentrale detaljar av konstruksjonen til bygningen. Også desse vart utført som manuelle målingar. Oppmålinga og undersøkinga kan studerast i eigen rapport «En gotisk stavkyrkje! Oppmåling og undersøkelse av Høyjord stavkirke».²



Beslag: Ei rekke koparbeslag. Foto: Mikaela Berg, Riksantikvarens arkiv.

TILSTAND FØR STAVKYRKJEPROGRAMMET

I november 2010 vart det gjennomført ei synfaring ved kyrkja. Utvendig var grunnen stabil og det er også etablert eit gruslag langsmed muren på kyrkja slik at dråpefall ikkje slår opp på veggen og orsakar unødvendig fukt i veggen til kyrkja. Utvendig panel var i god stand, med noko slitasje på dei vêrutsette sydveggane. Taket har skore spon som yttertak på alle takflatene. Under spona låg det papp under dei nedre delane av taket. Spona var av furu og om lag 12,5 cm breie og 60 cm lange. Det vart kartlagt at det tidlegare kun vart nytta ein klypt spikar per spon, men at spikar i overliggende rekkje også går gjennom underliggende spon.³

Kvaliteten på spona var variabel. Noko av spona var av bra virke med kjerneved og ståande årringar, men mykje spon hadde flaskved og geitved. Taket vart tjærebreidd om lag tre år før synfaringa. På takflatene mot syd var mykje av spona sprukke og dårleg. Desse var i så dårleg stand at ein såg det som naudsynt å skifte all spon på desse takflatene. Det ville tilseie om lag 9500 nye spon. På takflatene mot nord var det tilsynelatande mest enkeltspen som var dårlege, og her kunne ein opphavleg tenke seg å punktiskifte spona, noko som seinare vart utvida til å omfatte skifte av spon på heile taket. Det vart seinare påvist to røtesoppskader i takryttaren, med behov for utbetring. Vidare

vart blybeslaga på kyrkjetaket funne i dårleg stand.⁴ Mange av beslaga hadde sprekker og hadde behov for utbetring. Utover ville det vere naudsynt å setje mønekjøl og mønekam i stand. Innvendig vart kyrkja funne i god stand og kyrkjekunsten vart tilstandsregistrert.⁵

VEDTAKSPROSESS OG TILTAK

TAK

I 2014 vart arbeidet med istandsetjinga av taket sett i gang. Før dette hadde spon til taket vorte produsert, men vedtaket for at omlegging av spon samt tjærebreieing skulle utvidast til å gjelde heile nordsida av taket medførte eit auka behov for ny spon.⁶



Vindfløy: Kopi av den unike vindfløya ved Høyjord. Foto: Dagfinn Rasmussen, Riksantikvarens arkiv.

Spona var av furu med høg del av kjerneved. Den var sagd på alle sider og høvla. Deretter vart spona dyppa i milebrend tjære før montering. Spona vart montert med ein klypt spikar per spon og vart spikra direkte i undertaket utan papp under. Legginga av spon starta nede på kvar takflate og fortsette oppover. Spon i same rekkje vart lagt med om lag 2 mm avstand.

Overliggende spon vart lagt slik at den smale delen av overliggende spon vart liggande der skråkanten av dei to underliggende spona møtest. I tillegg til at spona på taket vart skift måtte røteskadd undertak skiftast ut og mønebord spunsast der virket var røteskadd. På takflatene til våpenhuset vart det som eit forsøk lagt spon av gran. Utover dette måtte ein knebukk

skiftast ut grunna røte og ei tidlegare spuns vindski, på skipet mot vest, utbetrast. Det vart gjennomført eit omfattande og vel gjennomført blekkslagararbeid på taket til kyrkja. Der det tidlegare hadde vore nytta bly og trevirke, som til dømes i kilrenner, vart det ved denne istandsetjinga nytta kopar. Det vart mellom anna laga nye mønebeslag og kilrenner.



Teljing: Tilpassing av bord. Foto: Mikaela Berg, Riksantikvarens arkiv.

VINDFLØY

Vindfløya på Høyjord stavkyrkje er ei av få her i landet, og har ei unik historie knytt opp mot Greve Alv Erlingsson som skal ha nytta vindfløya i sin eigen båt under plyndring i farvatnet mellom Sverige, Tyskland og Danmark. Erlingsson var tremenning til Magnus Lagabøte, som skriv om han i boka «Alv Erlingsson, Fortellingen om en adelsmanns undergang». Alv Erlingsson enda sine dagar i Helsingborg, der han vart avretta på brutalt vis i 1290. Ein kopi av vindfløya vart laga av treskjerar og byggeleiar for restaureringa av stavkyrkja Per Hilleren. Vindfløya er fresa ut i kopar og påført eit lag bladgull.⁷

KYRKJEKUNST

Kunst og inventar vart tilstandsregistrert og funne i god stand.

ANDRE TILTAK

Vindauga i kyrkja er skrapa og måla med linoljemåling. Lynvernet og brannsikringa ved kyrkja er utbetra.

SAMANDRAG

Høyjord stavkyrkje er den einaste stavkyrkja i Vestfold og samstundes den sydlegaste i Noreg som har overlevd frå mellomalderen. Kyrkja kan opphavleg ha vore ei midtmastkyrkje. Midtmasta og ein takryttar vart på uklårt

grunnlag rekonstruert i samband med restaureringa i 1948-1953. Koret er truleg reist i siste halvdel av 1100-talet, medan sjølve skipet er frå om lag 1275. Kyrkja hadde også svalgangar fram til 1689. I tillegg til den sentrale midtmasta har kyrkja 12 berande stavar. I 2014 fekk kyrkja, i samband med stavkyrkjeprogrammet, ny spon, samstundes som det var gjennomført eit omfattande blekkslagararbeid på taket. Ein kopi av kyrkja si unike vindfløy frå 1200-talet vart tilverka, tekka med bladgull og montert. Det vart gjennomført ei oppmåling av mellomalderdelane i kyrkja, samt ei tilstandsregistrering av kunst og inventar i stavkyrkja.

LITTERATUR OG KJELDER

LITTERATUR

Anker, Leif. *De norske stavkirkenes*. Oslo, AFRO 2005.

RAPPORTAR

Marumsrud, Hans. *Tilstands/tiltaksrapport for Høyjord stavkirke*. Befaring November 2010, 2010.

Saga, Ingunn. *Høyjord stavkyrkje Referat Befaringsmøte 1*, 2014.

Saga, Ingunn. *Høyjord stavkyrkje Referat Befaringsmøte 2*, 2014.

Saga, Ingunn. *Høyjord stavkyrkje Referat Byggemøte 1*, 2014.

Saga, Ingunn. *Høyjord stavkyrkje Referat Byggemøte 2*, 2014.

Saga, Ingunn. *Høyjord stavkyrkje Referat*

t Byggemøte 3, 2014.

Saga, Ingunn. *Høyjord stavkyrkje Referat Byggemøte 4*, 2014.

Saga, Ingunn. *Høyjord stavkyrkje Referat Byggemøte 5*, 2014.

Saga, Ingunn. *Høyjord stavkyrkje Referat Byggemøte 6*, 2014.

Saga, Ingunn. *Høyjord stavkyrkje Referat Byggemøte 7*, 2014.

Saga, Ingunn. *Høyjord stavkyrkje Referat Byggemøte 8*, 2014.

Saga, Ingunn. *Høyjord stavkyrkje Referat Byggemøte 9*, 2014.

Saga, Ingunn. *Referat frå 1-årsbefaring*, 2014.

Stein, Mille. *NIKU Rapport Kunst og inventar 72/2006 Tilstandsregistrering av kunst og inventar i fire stavkirker: Røldal, Eidsborg, Heddal og Høyjord*, 2007

Storsletten, Ola. *NIKU Rapport Bygninger og omgivelser 17/2008 En gotisk stavkirke! Oppmåling og undersøkelse av Høyjord stavkyrkje*, 2008

FOTNOTAR

¹ Storsletten, Ola. *NIKU Rapport Bygninger og omgivelser 17/2008 En gotisk stavkirke! Oppmåling og undersøkelse av Høyjord stavkyrkje*, 2008.

² Storsletten, Ola. *NIKU Rapport Bygninger og omgivelser 17/2008 En gotisk stavkirke! Oppmåling og undersøkelse av Høyjord stavkyrkje*, 2008.

³ Saga, Ingunn. *Høyjord stavkyrkje Referat Byggemøte 3*, 2014.

⁴ Marumsrud, Hans. *Tilstands/tiltaksrapport for Høyjord stavkirke*. Befaring November 2010, 2010.

⁵ Stein, Mille. *NIKU Rapport Kunst og inventar 72/2006 Tilstandsregistrering av kunst og inventar i fire stavkirker: Røldal, Eidsborg, Heddal og Høyjord*, 2007

⁶ Saga, Ingunn. *Høyjord stavkyrkje Referat Byggemøte 5*, 2014.

⁷ Saga, Ingunn. *Høyjord stavkyrkje Referat Byggemøte 5*, 2014.

